



KYSTVERKET

Vest

Lindås kommune
postmottak@lindas.kommune.no
5914 ISDALSTØ

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2012/86-16

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:
Johan Sørensen

Dato:
13.08.2015

Uttale - søknad om dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen og utviding av akvakulturanlegg ved lokasjon Ospeneset i Lindås kommune - Hordaland fylke

Vi viser til brev av 5. juni 2015. Vi beklagar noko sin tilbakemelding til kommune, dette er skyld i sjukemelding og ferieavvikling ved kontoret vårt.

Det søkes om dispensasjon frå kommuneplane for utskifting og etablering av nytt anlegg for oppdrett av laks og aure ved lokalitet 19655 Ospeneset. Det eksisterande stålanlegget søkes skifta ut med nytt ringanlegg i rammefortøyningar, der kvar ramme er 100 x 100 meter lagt parallelt med 2 x 3 rammer totalt areal ca. 300 x 250 meter.

Anlegget søkes lokalisert ved innløpet til Austfjorden. Det er ikkje registrert farlei i det aktuelle sjøområdet. Det er lite sjøtrafikk, i hovudsak fritidsfartøy og fartøy som betener oppdrettsanlegg i fjorden. Av navigasjonsinstallasjonar finn vi Kråka fyrlykt lenger inne i fjorden søraust for anlegget. Anlegget vil ikkje ligge konfliktylt til i forhold til navigasjonssignal frå lykta.

Etter Kystverkets vurdering vil ikkje etablering av anlegg som omsøkt utgjere noko ytterlegare hinder for vanleg og pårekeleg sjøtrafikk i området.

Vi har derfor ikkje merknader til at det blir dispensert frå kommuneplanen, og tiltakshavar kan påreken at det blir gitt løyve etter havne- og farvannsloven til etablering av anlegg.

Med helsing

Knut Stenevik
avdelingssjef

Johan Sørensen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Fyllingsnes Fisk As/Eide Fjordbruk As arne@efb.no 5640 EIKELANDSOSEN

Vest - Plan- og kystforvaltningen

Sentral postadresse: Kystverket Telefon: +47 07847 Internett: www.kystverket.no
Postboks 1502 Telefaks: +47 70 23 10 08 E-post: post@kystverket.no
6025 ÅLESUND

For besøksadresse se www.kystverket.no Bankgiro: 7694 05 06766 Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson